

## 24. Innspel barns beste- vurdering – 16 svar

[Vis resultater](#)

Respondent		
<	1	Anonym
		27:45
		Tid til å fullføre
...		
<p>1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. *</p> <p>Elevråd, Jelsa oppvekstsenter</p>		
<p>2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? *</p> <p>Veit alle namna og kjenner alle. Det er mindre mobbing, Har god plass. Kjenner oss tryggare på ein liten skule enn ein stor. Passeleg arbeidsro. Du får meir hjelp.</p>		
<p>3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? *</p> <p>Alle har ikkje same interesser, kjekkare då å koma på ungdomsskulen. "Hopp" mellom barna, få elevar med stor aldersforskjell. Mindre venner og liten gymsal.</p>		
<p>4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? *</p> <p>Kjekt, fleire venner, betre for miljøet. Med færre skular kan skular seljast og me kan bruka pengane på andre ting. Hvis skulane skal samla seg er det best at elevane kjem til Sand fordi dei skal gå der på ungdomsskule.</p>		
<p>5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? *</p> <p>Lang reiseveg. Hvis Jelsa blir lagt ned blir det veldig trist.</p>		
<p> </p>		
<p>1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. *</p> <p>Elevrådet, Marvik skule</p>		
<p>2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? *</p> <p>Alle kjenner alle, fellestimar med alle trinn, aktivitetar med heile skulen. Alle kjenner seg trygge på kvarandre.</p>		
<p>3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? *</p> <p>Alle trur at me ikkje har nokon å var med pga det er ein liten skule, men her har me alltid nokon å leka isaman med.</p>		
<p>4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? *</p> <p>Bli kjent med fleire barn. Kanskje me får meir leikar/ballbingar, meir ting å helda på med?</p>		
<p>5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? *</p> <p>Lengre skuleveg, fleire folk. Mindre innbyggerar viss skulen flytter på seg.</p>		

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

FAU Kjølvikstølen barnehage

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Små og trygge miljø i passe lang avstand for dei fleste. Lærardekninga på skulen er god per nå, litt meir ymse i barnehagen.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Små forhold kan vera negativt sosialt for nokon, også for fagfellesskapet blant dei vaksne. Bygningsmassen i Marvik er også utdatert og lite anvenleg for så små barnetal. Den er bygd for 50-70 elevar då det var ungdomsskule og større kull der. Det er også ein svakheit at skule og barnehage ikkje ligg same stad, både mtp færre skifte for ungane og meir praktisk mtp henting og levering.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Større miljø for barn og vaksne, stordriftsfordelar feks i eit oppvekstsenter der tilsette kan gå litt på tvers.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Lengre reiseveg, mindre samhold i bygda om skulen blir flytta bort.

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Elevrådet, Erfjord skule

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Kort skuleveg. Grei klassestørrelse, så me får fort hjelp. Kjenner alle på skulen. Fint å ha skule rett ved sjøen. Me har det kjekt og alle har noko å gjøre på. God lærartettleik, me har gode lærarar.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Etterkvart blir det kanskje færre elevar. Lite valg i vener. Bygningen og uteområdet treng oppgradering. Kjenne færre av dei me skal gå på ungdomsskulen med. At nokon på skulen har lengre reiseveg enn andre.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Fleire vener, større miljø og større klassemiljø. Betre og større klasserom. Betre uteområde. Får oppleve nye ting og blir kjend med nye elevar.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Det blir lengre skuleveg for fleire. Lenger skuledag, når me må reise lengre, og mindre fritid. Ikke like stor lærartettleik, slik at dei vaksne ikkje får med seg like mykje.

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

SU Stølane barnehage

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

-Foreldreundersøkinga viser at Stølane barnehage gir et godt tilbod til våre barn der barna trives godt og foreldrene er fornøyde.  
-Stølane barnehage ligger sentralt i Erfjord som fører til kort reiseveg for barna, det gir også kortare reiseveg for foreldre når det gjelder henting, som igjen kan føra til kortare dag for barnet i barnehagen.  
-Dagens barnehagestruktur gir nærhet til bygda  
-korte avstandar for barna til barnehage  
-trygt nærmiljø  
-korte avstandar til flott ute og turområde som barnehagen er svært flinke til å nytta seg av. Nærhet til sjø og skog. Veldig viktig for barna våre.  
-stabile, dyktige ansatte

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

-det er lite negative konsekvenser ein ser i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

-det er vanskeleg å sei kva positive konsekvenser ein endring i barnehage strukturen, når ein ikkje veit kva endringen blir.  
-mulig positiv konsekvens ved endring i barnehage strukturen kan var oppgradering/utviding av eksisterende barnehage som kan gi barna enda bedre folkehelse

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

-Det er vanskeleg å sei kva negative konsekvenser ein endring i barnehage strukturen, når ein ikkje veit kva endringen blir.  
-men mulig negative konsekvenser: lange dager, lang reis for barna, rasfarlige vegar

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Elevråd ungdomstrinn, Sand skule

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Korte distanser, trygge klassemiljø, henting og bringing er lettare for foreldra, kort skuleveg (spesielt med tanke på det yngste elevane), lokale lærarar, gode uteområde, gode klasse- og grupperom (god plass), lettare å tilrettelegge og betre miljø, flere arbeidsplasser lokalt på staden, kort reiseveg for dei vaksne som arbeider ved barnehagen/skulen. Når det gjeld ungdomsskulen slik den er i dag ønskjer me å uttrykke at me er glad for at me er samla på ein skule. Godt med større miljø.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Færre pedagogar per skule, ikkje nok utdanna lærarar, for små klassar. Framover i tid vil det kanskje vera færre elevar, mindre sosiale miljø. Det er dyrt å driva fleire små skular. Når det gjeld Sand skule slik elevtaklet er i dag, er utfordringa at me har for lite plass dersom ein ikkje bygger ny skule.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Fleire elevar i klassen, fleire utdanna lærarar, fleire venner. Dersom ein del av planen er å bygga ny ungdomsskule vil det vera mogleg å dekke fleire behov både når det gjeld romløysing og spesialtilpassa rom. Kanskje ein eigen ungdomsskule vil føra til mindre hærverk.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Lengre skuleveg, også for dei yngste elevane. Kan vera skummelt for dei minste med mange nye andlet. Kontrasten å gå frå eit stort miljø kan vera vanskeleg. Fleire vaksne/lærarar får ny og lengre arbeidsveg. Det er større sjanser for å få ein lærar du ikkje kjenner frå før. Lang skuledag, spesielt for dei som pendlar (hugs at me har lekser i tillegg). Farleg skuleveg med tanke på ras. Trangt på bussen. Kan potensielt føre til at folk flyttar frå Suldal.

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Fau Vinjar skule

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Kort reiseveg for flest mogleg. Kjente omgivelser. Vedlikehalde leikeplassar som kan nyttast på ettermiddagen.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Mange skular krev mange leiarar/rektorar. Noko som viser seg vanskeleg å rekruttera. Små skular har lite profesjonsfagleg miljø. Dei har og eit lite sosialt miljø som kan vera sårbart.  
Det er utfordrande økonomisk for kommunen, noko går går utover kvalitet til uteområde, utflikter, materialer osb.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Kommune har ikkje nok kompetanse i skulen slik det er no. Ved færre skular kan me samla kompetansen på færre bygg.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Lang reiseveg. Dårligare samhald innad hjå borna i bygda?

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Elevråd Vinjar skule

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Bra for då treng dei ikkje reisa så langt for å koma til skulen. Bra for det blir ikkje så store klassar.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Trenger mange lærarar til mange skular. Dei må bruk mykje penger på ein skule med lite elevar. Elevane blir ikkje kjend med så mange før dei kjem til ungdomsskulen.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Me kan bli betre kjend med elevar får andre grender. Kommunen sparar penger. Nye venner. Fleire å vera saman med.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Elevar må reisa lengre.

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Elevråd Nesfjorden skule

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

At me ikkje treng å køyra så langt.  
Finne på fleire kjekke aktivitetar når me er færre folk. Kostar mindre og enklare planlegging.  
Barnehagen kan leika med dei store.  
Me er vener med alle.  
Me kan leike godt i lag

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Lite folk  
Vanskeleg å få til aktivitetar i friminutt.  
Mindre attraktivt dersom det ikkje er skule og barnehage i bygda.  
Lang skuleveg  
Kan bli uvenn med folk og kan oppleve meir «tull».

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Fleire vener.  
Større sosialt miljø.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Miste vener  
Dårleg klassemiljø pga fleire som har fleire vener og det er fleire som ikkje likar kvarandre.  
Lang skuleveg  
Sliten på skulen  
Mindre fritid etter skulen

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Fau Jelsa Oppvekstsenter

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Tettoppfølging, kort reiseveg, mykje tryggare å lett overgang for barnehagebarn, mykje kontakt mellom elevar å barnehagebarn, ansatte kan hjelpe kvarandre på tvers - derfor større familiø, felles arrangement, felles prosjekt på kriss å tvers av klassar (pga oppvekstsenter), blir lett kjent i nærområdet, uteplassen er romslig, turmuligheter med umiddelbar nært med lite trafikk, Mykje fin natur å utforske, gir ett trygt og godt læringsmiljø, meir helseframkaldande kort reiseveg, mindre travær (veg, vær, ingen rasfare) Gode idrettsanlegg ved skuleområde, dagsturhytte i gåavstand, strandlinja i gåavstand (lite trafikkert veg, trygg skuleveg). Me er ei litra grend med store potensiale for Industriutvikling. Pendlingsmuligheter sidan Jelsa ligg såpass sentralt å kunne hente inn kompetanse ifra andre kommunar.

Me i Fau Jelsa Oppvekstsenter ser på skulen vår som ein god å trygg base for skule til framtida.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Utfordrane å få stort nok sosial miljø, tilpassa undervisning (treffa alle elevs nivåer), den faglige kompetansen kan bli dårlige, vedlikehald og innemiljø er idag i dårlige forfatning.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Det avhengar av kva endringa blir.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Lang og farlig skuleveg og dagar, enda lengre dagar viss SFO, Dårligare oppfølging av kvart barn pga mengde, desentralisering, for store klasse grupper, meir travær både barn og foreldre( grunnet veg å vær, rasfare på veg)

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

FAU Erfjord

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Kort Skuleveg.  
Alle har ein nærskule.  
Alle har tilhørighet.  
Samlingspunkt for bygda.  
Trygt.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Kan bli for små miljø.  
Vansklig å få tak i kvalifisert personell

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Større miljø.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Lang og farlig reisevei.  
Miste elevane frå Jøsenfjorden

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

FAU Marvik skule

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

-Akseptabel reisetid - allerede langt for en del elever.  
-Nærmiøg og tilknytning til lokalsamfunn.  
-Tid til å være med på fritidstilbud på ettermiddagen.  
-Med små grupper har de voksne mer tid til hvert barn, og vi opplever at barna føler seg trygge og sett.  
-Aldersblanding gir sosialt kompetente barn på tvers av alder, og det er enklere å differensiere undervisningen i det ordinære.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

-Liten elevgruppe som betyr at det er mer sårbart ift. venner og relasjoner.  
-Det oppleves som at vår skole blir nedprioritert når det gjelder vedlikehold og utvikling av skolen som betyr at våre barn ikke får et likeverdig tilbud (det oppleves som at man ikke har "troen" på de små skolene og at de lever på nåde).  
-Ettersom alle skolene blir drevet som selvstendige enheter blir det veldig sårbart når det er utskifting av folk eller sykdom, ift. ansatte med rett kompetanse.  
-Å ansette/rekruttere rett kompetanse er krevende med måten man driver på i dag. Det gjelder både struktur og måten man forvalter ressursene på.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

-Det er veldig vanskelig å svare på ettersom man ikke vet hva man endrer til.  
-Et større miljø vil feks. være positivt ift det sosiale, osv. viser til punkt 3.  
-Forhåpentligvis blir det framtidssretta med en bærekraftig rigg ivaretar alle lokalsamfunna.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

-Det er veldig vanskelig å svare på ettersom man ikke vet hva man endrer til.  
-Dersom det blir et alternativ som gjør at reisevei blir lengre vil dette kunne ha store konsekvenser for fritid, muligens motivasjon og lærelyst, trygghet blir en faktor, osv.

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Utdanningsforbundet Suldal

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

- liv i grendene og ikkje sentralisering
- små grupper gir trygghet for barna
- tett vaksenkontakt/nære relasjonar
- kort reiseveg
- størremoglegheit for tverfagleg arbeid og arbeid på tvers av trinn
- trygg overgang frå bhg til skule
- høgare lærtettleik i mindre klassar
- lett å få hjelpe/lett å tilrettelegga
- oversiktleg
- meir vennskap på tvers av aldersgrupper og større elevar/barn hjelper i større grad dei mindre elevane/barna
- fleire møtepunkt i bygdene
- arbeidsplassar i grendene

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

- lite fagleg og sosialt miljø for elevane i skule og lite leikemiljø for barna i bhg
- lite profesjonsfagleg og sosialt miljø før dei tilsette i både bhg og skule
- stort sannsyn for ukvalifisert personale
- vanskeleg å rekruttera både lærarar og leiarar til små einingar
- dyr drift og skeivfordeling av midler som rammar dei største skulane mest
- dyrt å rusta opp mange skular til dagens standard og krav td universell utforming
- dyrt å vedlikehalda mange skular
- vegnettet skapar utfordringar
- elevar i skule og barn i bhg står i fare for å vera aleine i sitt kull, ikkje forvarleg
- små miljø kan gi fleire barn utfordringar med å finna venner
- ikkje alle barn får erfaring med å vera del av eit flekkulturelt miljø
- klarar ikkje i gi eit likeverdig tilbod verken i bhg eller skule på fagleg, sosialt, emisjonelt og psykisk område
- barn i dei små einingane vil mangle sosial trening på linje med dei som går i større einingar
- dårlig utnytting av personalressurser

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

- større sosialt miljø for barna, fleire å spela på og fleire potensielle venner og større fagmiljø for elevane
- større profesjonsfagleg miljø for dei tilsette
- større sannsyn for å rekruttera og behalda kvalifisert personale
- betre bruk av økonomiske og menneslekelege ressurser
- færre skule og bhg og rusta opp og vedlikehalda
- letare overgang frå bhg til skule på fleire einingar
- grendene kan bli meir knytte saman om me får færre einingar
- større sjanse for at barna/elevane får eit likeverdig tilbod om me får færre einingar
- samla fagkompetansen
- fleire venner på tvers av gendene

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

- lenger reiseveg / lenger skuledag
- elevar mistar ein kjend leikeplass og nærskulen, særleg dei minste
- mistar arbeidsplassar i grendene
- kan bli vanskeleg med tilflytting i grendene som mistar skulen?
- kan gi grunnlag for private aktørar å starta bhg/skule som igjen kan få negative konsekvensar for barn sitt tilbod i den offentlege skulen
- mindre tid til fritidsaktivitetar
- mindre oversiktleg miljø
- ikkje så god kontakt mellom elevar på tvers av trinn, ikkje same fellesskapskjensla
- lenger reiseveg kan bli ein negativ konsekvens DERSOM kommunen ikkje meistrar å organisere transport på ein god måte
- lang bussutstyr for mange, utfordringar med ueheldige situasjonar på bussen
- meir utrygg overgang mellombhg og skule
- ikkje så tette relasjonar mellom barn / vaksne
- ikkje sikkert det vert enklare å rekruttera, nokon vil gjerne jobba på små skular

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Fagforbundet

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Trygt og godt med skule i grenda. Kjenne personalet, og andre barn på eininga. Lettare å fange opp om eit barn treng hjelp, og kva utfordringar ein har. Kortare skuleveg og mindre tid til transport. Nærleik til fritidsaktivitetane.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Kvaliteten på læringa, på grunn av mangel på kompetanse. Forhalda blir så små at barn med utfordringar blir seint oppdagat, og tidleg innsats kjem for seint inn. Det kan vara utfordringar med å finna vener med same interesser. Skeivfordeling av personale. Det er dyrt å drifta mange skular, og mindre pengar til kvar eining.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Styrke av personalet, og gi bedre kompetanse på eininga. Større miljø kan gi mulighet for å finna likesinna vener. Ein kan tidlegare oppdagat utfordringar, og gi barnet den hjelpe ein treng. Bedre skulebygg og uteområder.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Mindre individuell tilpassa opplæring, på grunn av store klassar. Færre voksne per barn, og det kan vara vanskelegare å oppdagat utfordringar hjå barn. Flytting frå grendene, og mindre tilflytting til grenda på grunn av mangel på skule i bygda. Familiøkonomien der foreldra må kjøre meir til vener og aktivitetar.

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

FAU Sand Skule barnetrinnet

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Vi vil først si at FAU-B Sand Skule syns spørsmålene er veldig generelle og krevende å svare på, og at det i praksis går på bekostning av muligheten til medvirkning. Vi etterspør tydeligere og mer konkrete spørsmål.

Med utgangspunkt i Sand Skule barnetrinnet.  
Godt familiøp på Sand Skule for de ansatte  
Passe store klassar (ikke for små)  
Helsejukepleier på skule hver dag  
Samlakasjon barnetrinn og ungdomstrinn  
Låg takhøyde for å komme med utfordringar og problemer, og at vi opplever at det blir tatt tak i  
Mulighetsrom for foreldre for å påvirke skoleverdagen gjennom dialog  
Overgangspersonal bhg til skole er veldig positivt - ønsker å beholde dette  
Fadderordningen skole / barnehage

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Samlakasjon barnetrinn og ungdomstrinn  
Ingen drivkraft fra skoleiear sin side i utvikling av uteområdet  
Uteområdet og utearealet er veldig dårlig.  
Lite plass inne.  
Veldig synd at overgangspersonal forsvinner  
For liten sosialrådgiver ressurs på barnetrinnet.  
Dårlig tilrettelagt for praktiske fag for barnetrinnet  
Overbelasted administrasjon  
Mer avgrenset mellom mellomtrinn og ungdomsskole.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Da det er vanskelig å vurdere en positiv konsekvens ut fra en endring som er uspesifisert har vi listet opp positive endringer som vi ser behov for:  
Mer plass er positivt  
Mer tilrettelegging for praktiske fag (musik, sløyd, naturfag etc)  
Bedre uteområder er en positiv endring  
Høyre faglig kompetanse blant lærerar  
Gjøre skole mer attraktiv gjør det lettere å rekuretttere  
Alle klasserom bør ha egne grupperom  
Lavere delingstall som standard  
Nye arbeidsrom til lærere gjør planlegging lettere og dertil høyre kvalitet

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Miste kompetanse og ansatte  
Vanskligere å rekrutere

Dette hadde vært mye lettere og konstruktivt å svare på om vi konkret visste hva vi skulle ta stilling til. Hvilke endringer i skolestruktur er det vi skal vurdere?

1. Kva område svarer de ut for? T.d elevråd Sand skule, FAU Marvik skule, Fagforbundet osv. \*

Ungdomsskule Sand FAU

2. Kva positive konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

Positivt for nærmiljøet.

3. Kva negative konsekvensar ser ein i barna sitt tilbod ved å halda på barnehage/skulestrukturen som i dag? \*

For små miljøer blir det vanskelig for kompetanse og sosialt. Blir for store kontraster i overgangen.

4. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Større faglig kompetanse til læring for barna. Trenger ikke å undervise på flere trinn samtidig. Større fagmiljø for Lærere, større trivsel, som vil smitte over på elevene.

5. Dersom me endrar på barnehage/skulestrukturen som ligg i dag, kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod? \*

Større klasser kan skape mer uro. Mindre plass, liten plass på skulen. Blir ikke sett så lett som tidligere. Får ikke så masse tilrettelagt undervisning som tidligere. Lag skuleveg + lekser = bare skule hele dagen....